



REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET (SU) OG SKULEMILJØUTVALET(SMU) VED SLÅTTEN SKULE

Samarbeidsutvalet: Roger, Eide, Jeaneth Rosnes, leiar for elevrådet - Julian Løvold Beigi, nestleiar - Noor Ali Hussein Abdali, Bodil Midtbø, Tore Evensen, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Skulemiljøutvalet: Roger Eide, Jeaneth Rosnes, Bjørn Are Vollstad, leiar for elevrådet - Julian Løvold Beigi, nestleiar elevråd - Noor Ali Hussein Abdali, Bodil Midtbø, Tore Evensen, Marianne Einevoll, Rune Hegrenes og Turid Irene Hatlem, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Tid: Onsdag 25. november 2020 kl. 18.00 – 19.30

Møtestad: Personalrommet, Slåtten skule

Sak 4/20 Konstituere (SU/SMU)

Leiar: Roger Eide

Nestleiar: Jeaneth Rosnes

Skrivar: Bodil Midtbø

Sak 5/20 Fagfornyninga og stoda elles på Slåtten skule.

Fagfornyning er tema heile vegen. Vi prøver å jobbe litt annleis. No har vi fokus på dei grunnleggande dugleikane, bruke meir konkretiseringsmateriell, halde lenger på med emne for å gå meir i djupna. 5. steget har jobba med brøk i matte i heile haust. Lage nye opplegg og dele med kvarandre. Tre lærarar er på kurs for å fordjupe seg i den nye læreplanen. Elevane skal få datamaskiner etter kvart, tverrfaglege tema skal vere overordna og prege undervisninga vår, utvikle heile menneske og gi dei gode verdiar å ta med seg.

Kva er skulen god på? Fagleg er vi gode, tilpasse og førebygge for elevar som strevar fagleg. Vi møter fleire elevar som treng å jobbe med sjølvkjensle, som strevar sosialt og treng hjelp. Helsesjukepleiar er inne i 100 prosent stilling, men vi treng framleis meir verktøy for å hjelpe desse.

Tips: miljøarbeidar i skulen som jobbar med psykisk helse.

Elevane på Slåtten skule: det går fint at klassane har eigne uteområde.

Turid gjekk gjennom innspel frå elevrådsmøte både i forhold til trivsel, bruk av sosiale media, trafikksikker skule.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

Sak 6/20 Utleige av gymsal 2020 – 2021. (SU/SMU)

I retningslinjene for utleige av gymsal skal barn og unge prioriterast.

Gymsalen er stort sett full kvar dag. Elevar får låne bygget gratis til feiring av bursdagar og andre selskap som fremjar klassemiljø. Kristin legg ut på oppdatert plan på heimesida fortløpande.

Sak 7/20 Orientering om resultatata frå dei Nasjonale prøvene. Lesing, rekning og engelsk. Slåtten har få elevar på lågaste nivå og mange på høgt nivå. Resultatet er ganske likt frå i fjor. Rekning har vi vore gode på i fleire år, men vi har hatt meir utfordringar i lesing.

Kva er vi gode på i leseopplæringa? Tips til å bli betre i rekning. Tips til å bli god i engelsk.

Vi har fått fleire verktøy til å bli gode. Turid gjekk gjennom innspel frå lærarane. Summen av desse gjer elevane betre.

Vi har kjøpt ein del nytt konkretiseringsmateriell, og til bruk lenger oppe i klassane. Spes. ped teamet er aktiv inne i klassane for å hjelpe dei som treng det.

Sak 8/20 Ymse

Korleis nå fram til foreldre for å unngå farlege situasjonar på parkeringsplassen? Mykje bilar og til tider farlig trafikkbilde.

Bygging av nye studentbolig i Vieåsen, sprengingsarbeid der mange elevar passerer på veg til skulen.

Vere i forkant og unngå ulykker. Kan skulen bli flinkare til å sende ut beskjedar på vekeplan/visma?

Bodil Midtbø

- Skrivar-